

Vedlegg.

Vedlegg 1

PEDAGOGISK ANALYSE

Ein systematisk måte å arbeide med utfordringar: Ei utfordring, noko personalet ynskjer å lukkast betre med i forhold til gruppa eller enkeltindivid. Personalet vel sjølv utfordring (må vere noko som gjentar seg).

Modellen har to fasar: Analysefase og Tiltaksfase

Steg i modellen:

1. **Formulering av problemstilling** - skal munne ut i ein konkret, avgrensa, skriftleg problemstilling med fokus på handlingar.
Årsaka til utfordringa/problemet er ukjent
Noko ein har moglegheit til å endre
Målbart
Ei beskrivande setning - unngå spørsmål
2. **Målformulering** - gir retning for arbeidet, held fokus på utfordringa
Er målbart, kan evaluerast
Oppnåeleg på relativt kort sikt – realistisk (kva er godt nok?)
Gjer det mogleg å lukkast - må vere innafør dei rammer vi har
Korleis ser det ut når utfordringa er forbetra?
Unngå negative målformuleringar
3. **Henting av informasjon.**
Viktig å undersøke korleis det ser ut frå andre sitt perspektiv – barnet/eleven(aktørperspektivet), foreldre eller kollegaer – observasjon, samtalar med barn/elev og foreldre.
Kartlegging/undersøkingar
4. **Analyse av oppretthaldande faktorar. NB! Ikkje det same som årsak**
Kontekstperspektivet: Bidrar til å setje fokus på miljøet rundt, mindre på eigenskapar hos barnet/eleven, gjensidig påverknad, i stade for årsak - verknad.
Aktørperspektivet: Sjå situasjonen gjennom barnet/eleven sine auge
Individperspektivet: Heimeforhold, forutsetningar, vanskar/skadar
5. **Utvikling av strategi og tiltak.**
Ein vel 2-3 oppretthaldande faktorar (basert på analysar) og lagar tiltak som er moglege å gjennomføre i kvardagen. Fleire tiltak bør setjast i gang samtidig.
6. **Gjennomføring av utvalde tiltak** - Å gå frå ord til handling kan vere utfordrande!
Lag plan for gjennomføring (kven, kva, kor og når)
Gjennomfør planen systematisk.
Dokumenter både gjennomføring og effekt
Krev lojal oppfølging av det som er bestemt – alle må dra i same retning